

Referat Møte i AK, måndag 8.februar 2016 kl. 09.30 - 11.30

Møtestad Jørgen Sandbergshus, stort møterom 2 etg.

Møteleiar: Anne Sissel Faugstad

Til stades:

Helse Bergen: Anne Sissel Faugstad, møteiar

Bergensregionen: Grete Lill Hjartnes

Bergen kommune: Nina Mevold

Voss: Solrunn Hauglum,

Nordhordland: Tord Moltumyr

Haraldsplass: Kjerstin Fyllingen

SSE: Magne Høgelid, Anne Hildegunn Færøy(ref), Linn Kastel, Ingrid Hevrøy Rabben og Eirik Vestrheim.

Nr	Saker - AK 8.februar 2016	Sakstype SU Beslutning Drøfting Orientering
1	Godkjenning av innkalling og sakliste <i>Godkjent utan merknader</i>	B
2	Godkjenning av referat frå møte i AK 26.november 2015 <i>Godkjent utan merknader.</i> Møteleiar gjorde som vanleg greie for at dette er et koordineringsforum for Sua og ikkje eit vedtaksforum. Møteleiar takka for vel gjennomført Toppleiarmøte. Det har komme gode tilbakemeldingar frå deltakarane, både i kommune og ved sjukehusa. Godt program - god deltaking.	B
3	Elektroniske PLO-meldingar innan psykisk helse og rus Gunn Synnøve Dahl orienterte om status for arbeidet med retningslinjer for sending og mottak av PLO meldingar innan psykisk helse og rus. Retningslinjene har vert på høyring hos partane. Det har komme innspel til endringar. Nytt møte i arbeidsgruppa 9.febr. Ny versjon av retningslinjene vert ferdigstilt og sendt til handsaming i SUa i februar. Retningslinjene vert å sjå som eit vedlegg til Tenesteavtale 3-5, psykisk helse og rus. Dersom godkjenning vert meldingane tatt i bruk i veke 10. Gunn Synnøve Dahl kan stille i SU- møta for å orientere om prosess og innhald i retningslinjene. <u>Konklusjon:</u> <i>Saksframlegg med retningslinjer vert sendt til SSE fredag 12.02. SSE avtalar møtetidspunkt for dei ulike SU-møta med Gunn Synnøve Dahl</i>	B
4	Handlingsplan 2016 - status SSE har bedt AK-møtet vurdere om det er behov for å utarbeida ein milepælsplan for felles satsingsområde, og kva som skal prioriterast og korleis. Leiarane i Samarbeidsutvala er samd i at Handlingsplanen er oversiktleg og grei å forstå slik den er føreligg. For fleir av tiltaka er det starta ein prosess. Det kan vere nyttig å for SUa å få ein status for oppfølging av sakene og kva saker det skal arbeidast med utover i 2016, og AK ber SSE utarbeide eit notat om status og plan for iverksetting av	B

	<p>tiltaka i Handlingsplan.</p> <p>Tord Moltumyr viste til at det under punkt 1 Helseberedskap og smittevern burde vert vurdert om ein også burde sett på det som omhandlar helseberedskap og smittevern i eit utvida perspektiv, og ikkje berre rette fokus på det om omhandlar akuttmedisin. Det vert m.a stilt spørsmål ved om det kan vere nyttig å få ei oversikt/status over kva som føreligg av planar og styringsdokument og vurdere om det er tema og/eller områder som overlappar kvarander. Det kan også vere nyttig å peike ut nokre sårbarhetspunkt og vurdere om det er grunnlag for og behov for å utarbeide felles planar for samarbeid på tvers av kommunar og med helseføretak innan helseberedskap og smittevern. AK er samd i at dette er eit tema som vil bli vurdert inn i Handlingsplan for 2017 eller ved ein revisjon i mai/juni d.å</p> <p><u>Konklusjon:</u> <i>Handlingsplanen er vedtatt, og det vert ikkje tilrådd at ein opnar opp for ein ny diskusjon om prioritering av tiltaka som ligg i planen. Orienteringssak til SUa om status og iverksetting av tiltaka i Handlingsplanen.</i></p>	
5	<p>Handlingsplan 2016, pkt.1.1</p> <p>SSE v/ Anne Hildegunn gjorde greie for saka og forslag til prosess for oppfølging av tiltak.</p> <p><u>Konklusjon:</u> <i>AK- møtet slutta seg til prosess slik det er skissert i saka og at felles arbeidsgruppe for UFAB får spørsmål om å utarbeida forslag til tiltak og planar for ei felles tilnærming for operasjonalisering og iverksetjing av ny forskrift for akuttmedisinsk beredskap.</i></p>	D
6	<p>Tenesteavtale 3-5 – somatisk sektor</p> <p>Nina Mevold orienterte om at leiargruppa i Bergen kommune har drøfta behov for vurdering og revisjon av avtale 3-5 for somatisk sektor. Særleg er det behov for å sjå på spørsmål rundt definisjon av utskrivingsklar pasient. Saksnotat er utarbeidd med utgangspunkt i dette. Representantar for dei andre kommunane støtter punkta som er spelt inn frå Bergen kommune og kjenner seg igjen i problemstilling, men trur det er behov for å spissa behovet meir enn det som kjem fram i notatet. Bergen kommune ved Nina Mevold tar ansvar for å lage ei meir spissa bestilling. Det bør vurderast om denne saka også bør drøftast i medisinsk fagleg utval.</p> <p><u>Konklusjon:</u> <i>SSE held tak i saka. Bergen kommune spissar bestillinga.</i></p>	D
7	<p>Fødetilbod ved KK</p> <p>Med bakgrunn i medieoppslag om endringar i fødetilbodet ved KK har Tord Moltumyr meldt inn eit behov for orientering om dette i Samarbeidsutvala. SSE får i oppdrag å kontakte klinikkdirktør ved KK og be om ei orientering i saka.</p> <p><u>Konklusjon:</u> <i>Orienteringssak i Sua</i></p>	O
8	<p>Samarbeidssekretariatet</p> <p>SSE v/ Magne orientering om at det er gjort ei lita endring ifht tidlegare versjon av mandatet til SSE. AK ber om at mandatet og mal for innmelding av saker til SSE vert lagt fram som ei orienteringssak i SUa.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p>	O/D

	<i>Gjennomgang og orientering om mandat og mal for saksinnmelding i neste SU-møte</i>	
9	<p>Narkotikaprogram med domstolskontroll, nasjonal iverksetting</p> <p>Saka er meldt inn via Geir Lien, spesialrådgjevar i divisjon psykisk helsevern, Haukeland universitetssjukehus. Narkotikaprogram med domstolskontroll har vert prøvd ut i Oslo og Bergen, og det vil no bli innført som ei ordning for heile landet. Programmet føreset eit forpliktande samarbeid mellom kriminalomsorg, utdanning, kommune og spesialisthelsetenesta.</p> <p>AK ber om at det vert sett av tid i alle SUa til orientering om denne saka. SSE tar kontakt med saksinnmeldar for å koordinere</p> <p><u>Konklusjon:</u> <i>Det vert sett av 15 min. til orientering i Samarbeidsutvala sine møter i februar</i></p>	O
10	<p>Avvikshandtering</p> <p>Saka er meldt inn med bakgrunn i spørsmål om korleis avvik vert handtert i samhandlinga, og oppfølging av pilot – avviks handtering mellom helseføretak og kommune - pilotprosjekt mellom Bergen kommune og HDS.</p> <p>Erfaringar viser at det er fleire tilfelle der det burde vert meldt avvik, men at det ikkje blir gjort. Det vert også meldt om at kommunar har meldt inn avvik, men at det i liten grad har blitt fylgt opp.</p> <p>Det kan vere utfordrande å vurdere om det er avvik som er meldt på bakgrunn av brot på samarbeidsavtalane, eller om det er avvik med bakgrunn i at pasienten ikkje har fått den helsehjelpa dei har rett på eller treng.</p> <p><u>Konklusjon:</u> <i>AK ber SSE vurdere oppfølging av saka og drøfte med leiarane av det enkelte SU korleis dei vil presentere saka.</i></p>	D
11	<p>Likeverdige helsetenester</p> <p>SSE v/Magne orienterer om invitasjon til kommunane om deltaking på seminar om Likeverdige helsetenester i regi av Haukeland Universitetssjukehus.</p> <p><u>Konklusjon:</u> <i>Orientering til SUa der ein ber medlemmene i utvala orientere om seminaret i eigen kommune.</i></p>	O
12	<p>Energisenter for barn og unge</p> <p>SSE v/Magne orienterer om saka som er meldt inn frå leiar av Energisenteret for barn og unge. Det er uklart kva samarbeidsutvala skal vurdere i denne saka. AK ber SSE kontakta leiar for Energisenteret for å få konkretisert bestillinga.</p> <p><u>Konklusjon:</u> <i>SSE ber om ei meir konkretisert bestilling. Saka vert eventuelt sett opp på eit seinare møte.</i></p>	
13	<p>Revisjon av brevmal – melding om behov for individuell plan og/eller ønske om koordinator i kommunen</p> <p>Medlemmene melder om behov for å komme med innspel til ordlyden i brevmalen, og ber om at saka vert utsett til neste møte i SUa.</p> <p><u>Konklusjon:</u> <i>Sak utsett til seinare møte</i></p>	
14	<p>Eventuelt</p> <p><i>Ingen saker meldt</i></p>	